Signering av Kvartalsrapport Q3 2025.pdf

Dette dokumentet er signert digitalt av:

Elisabeth Slettedal	17.11.2025	med Norsk BankID
Elisabeth Amstrup Spokeli	17.11.2025	med Norsk BankID
Kent Michael Lund	17.11.2025	med Norsk BankID
Knut Inge Hovet	17.11.2025	med Norsk BankID
Anne Gjerden	17.11.2025	med Norsk BankID
Tor Arild Rysstad	17.11.2025	med Norsk BankID

Signert elektronisk med styreplan.no. Sjå vedlegg i denne PDF-filen for meir dokumentasjon.

Valle Sparebank
- allstøtt med deg

Kvartalsrapport 3. kvartal 2025

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Kvartalsrapport for 3. kvartal 2025

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Forretningskapitalen (inkl. portefølje i Eika Boligkreditt) er ved utgangen av 3. kvartal 3.442 mill. kroner. Dette er ein auke på 239 mill. kroner, eller 7,45 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Forvaltningskapitalen er 2.453 mill. kroner som er ein auke på 117 mill. kroner siste 12 månadar.

Utlån

Total utlånsportefølje er ved utgangen av 3. kvartal 2.925 mill. kroner, som er ein auke på 148 mill. kroner eller 5,3 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Sidan nyttår er auken 187,1 mill. kroner eller 6,9 %. Overføringsgraden til EBK utgjer 35,5 % av samla utlån til personmarknaden.

Brutto utlån i eigen balanse er pr. 30.09.25 på 1.935 mill. kroner, som er ein auke på 26,4 mill. kroner siste 12 månadar. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 990 mill. kroner, ein auke på 121,1 mill. kroner siste 12 månadar. Sidan nyttår er det ein auke på 116 mill. kroner..

Innskot

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 1.885,9 mill. kroner, som er ein auke på 112,2 mill. kroner, eller 6,3 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 97,5 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 92,9 %. Det har vore ein auke i innskot på 74,3 mill. kroner sidan 31.12.24.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.09.25 er på 44,3 mill. kroner, som er 0,2 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 2,45 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,54 % på same tidspunkt i fjor. Netto provisjonsinntekter utgjer 10,8 mill. kroner mot 8,9 mill. kroner på same tid i fjor. Auken skuldast i hovudsak auka provisjonsinntekter på lån i Eika Boligkreditt.

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er positiv med 0,53 mill. kroner ved utgangen av tredje kvartal.

Driftskostnader utgjer 29 mill. kroner, som er ein auke på 2,7 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 14,2 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 13,3 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 30,26 mill. kroner, mot eit overskot på 28,84 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 23,56 mill. kroner mot 22,09 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei positiv verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 3,76 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 27,32 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 18,69 mill. kroner på same tid i fjor. Det var då ei negativ verdijustering på aksjar på 3,41 mill. kroner.

Kredittap

Det er inntektsført kr 113.000 i kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei kostnadsføring på kr 644.000.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 318,4 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal. Dette gjev ei kapitaldekning på 26,62 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 22,87 %.

Utsikter for resten av året

Valle Sparebank har hatt høg aktivitet og god vekst fram til no i 2025. Banken har hatt god utlånsvekst og ein framleis sterk rentenetto.

Profilen vår med personleg service og rådgjeving blir verdsett av både eksisterande og nye kundar, særleg i dagens bankmarknad som elles er prega av fusjonar, konsolideringar, digitalisering og sentralisering.

Banken har sterk lokal forankring, og vi veks stadig i marknadsområda Kristiansand og Vennesla. Valle Sparebank har tidlegare i år inngått eit samarbeid med Boligmegleren. Dette samarbeidet har som føremål å bidra til ytterlegare vekst, samstundes som det skal gje kundane våre ei trygg og god reise ved kjøp og sal av bustad.

Norges Bank har sett ned styringsrenta to gonger i 2025 – éin gong i juni og éin gong i september. Begge gongene har Valle Sparebank sett ned rentene på innskot og utlån. Norges Bank har indikert at rentene framleis skal ned, men det er knytt usikkerheit til kor raskt rentenedsetjingane skal skje.

Banken er solid med dyktige medarbeidarar og sterk

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

lokal forankring, og vi meiner å vere godt rusta til å vere ein god bank både for eksisterande og nye kundar.

Styret er nøgd med bankens resultat etter tredje kvartal.

Valle, 13. november 2025

I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden (styreleiar)	Knut Inge Hovet (nestleiar)	Elisabeth B. Spockeli
Kent M. Lund	Tor Arild Rysstad (tilsetterepresentant)	Elisabeth Slettedal (adm.banksjef)

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Resultat og balanseoppstilling

Resultat		3. kvartal isolert		3. kvartal	3. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	2025	2024	30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Renteinntekter frå eigedelar vurdert til amortisert kost		28.840	29.768	85.848	85.928	114.850
Renteinntekter frå øvrige eigedelar		3.211	2.770	11.141	9.531	12.211
Rentekostnadar og liknande kostnadar		17.711	17.300	52.735	51.445	68.591
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		**14.339**	**15.238**	**44.254**	**44.014**	**58.471**
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.303	3.584	12.145	10.238	13.837
Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester		387	455	1.371	1.332	1.781
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		0	72	3.406	1.896	2.160
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	6	1.056	635	531	881	1.047
Andre driftsinntekter		61	49	206	140	193
Netto andre driftsinntekter		**5.032**	**3.884**	**14.917**	**11.822**	**15.455**
Løn og andre personalkostnadar		4.559	4.523	14.185	13.264	18.717
Andre driftskostnadar		4.582	3.778	13.799	12.319	18.630
Avskrivingar og nedskrivingar på varige og immaterielle eigedelar		353	255	1.043	766	1.054
Sum driftskostnadar		**9.494**	**8.556**	**29.028**	**26.349**	**38.401**
Resultat før tap		**9.877**	**10.567**	**30.143**	**29.488**	**35.525**
Kredittap på utlån, unytta kreditt og garantiar	4	13	811	-113	644	183
Resultat før skatt		**9.864**	**9.756**	**30.256**	**28.844**	**35.341**
Skattekostnad		2.450	2.430	6.700	6.750	8.629
Resultat av ordinær drift etter skatt		**7.414**	**7.326**	**23.556**	**22.094**	**26.712**
Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	6	2.948	-360	3.763	-3.407	-2.703
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		**2.948**	**-360**	**3.763**	**-3.407**	**-2.703**
Totalresultat		**10.362**	**6.966**	**27.319**	**18.687**	**24.009**

Balanse - Eigedelar				
Tal i tusen kroner	Note	30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Kontantar og kontantekvivalentar		24.894	25.015	25.401
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		51.876	41.328	93.444
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	2,3,4	1.929.729	1.903.062	1.858.594
Renteberande verdipapir	6	236.245	204.806	204.421
Aksjar, andelaer og andre eigenkapitalinstrument	6	186.055	141.685	142.931
Varige driftsmidlar		12.968	8.174	8.774
Andre eigedelar		3.102	3.319	2.155
Sum eigedelar		**2.452.599**	**2.335.118**	**2.343.449**

Balanse - Gjeld og eigenkapital				
Tal i tusen kroner	Note	30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Innlån frå kredittinstitusjonar		105.693	140.811	105.543
Innskot frå kundar		1.885.877	1.773.665	1.811.615
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7	85.274	85.257	85.276
Anna gjeld		14.609	7.052	5.123
Forpliktelser ved skatt		8.633	6.754	8.954
Andre avsetningar		64	158	193
Sum gjeld		**2.100.150**	**2.013.696**	**2.016.705**
Opptjent egenkapital		328.892	299.328	326.745
Periodens resultat etter skatt		23.556	22.094	0
Sum eigenkapital		**352.448**	**321.422**	**326.745**
Sum gjeld og eigenkapital		**2.452.599**	**2.335.118**	**2.343.449**

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Eigenkapitaloppstilling

	Opptent eigenkapital			
Tal i tusen kroner	**Sparebankens fond**	**Gåvefond**	**Fond for urealiserte gevinstar**	**Sum eigenkapital**
Eigenkapital 01.01.2025	**292.730**	**6.299**	**27.716**	**326.745**
Resultat av ordinær drift etter skatt	23.556			23.556
Verdiendring på finansielle eigedelar			3.763	3.763
Totalresultat 30.09.2025	**23.556**	**0**	**3.763**	**27.319**
Utbetaling av gåver		-1.616		-1.616
Andre eigenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 30.09.2025	**316.286**	**4.683**	**31.479**	**352.448**
Eigenkapital 01.01.2024	**267.966**	**5.875**	**30.470**	**304.311**
Resultat av ordinær drift etter skatt	22.094			22.094
Verdiendring på finansielle eigedelar			-3.407	-3.407
Totalresultat 30.09.2024	**22.094**	**0**	**-3.407**	**18.687**
Utbetaling av gåver		-1.576		-1.576
Andre eigenkapitaltransaksjoner				0
Eigenkapital 30.09.2024	**290.060**	**4.299**	**27.063**	**321.422**

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Resultat			
Kostnadar i % av totale inntekter (ekskl. VP)	52,55 %	49,66 %	54,30 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	19,88 %	17,05 %	17,32 %
Innskotsmargin hittil i år	1,33 %	1,61 %	1,62 %
Utlånsmargin hittil i år	1,36 %	1,19 %	1,20 %
Netto rentemargin hittil i år	2,45 %	2,54 %	2,52 %
Eigenkapitalavkastning[1]	10,76 %	7,96 %	7,59 %
[1] Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	6,96 %	7,22 %	6,92 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	35,49 %	32,98 %	33,51 %
Innskotsdekning	97,47 %	92,93 %	97,20 %
Innskotsvekst (12mnd)	6,33 %	0,74 %	0,79 %
Utlånsvekst (12 mnd)	1,38 %	2,52 %	0,27 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	5,23 %	5,30 %	3,57 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.411.438	2.306.313	2.310.634
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.382.589	3.030.286	3.068.015
Nedskrivingar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	-0,01 %	0,05 %	0,01 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,27 %	0,29 %	0,28 %
Soliditet[1]			
Rein kjernekapitaldekning	22,02 %	21,55 %	23,34 %
Kjernekapitaldekning	22,38 %	21,92 %	23,71 %
Kapitaldekning	22,88 %	22,43 %	24,21 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,02 %	8,76 %	9,60 %
[1] Inklusiv konsolidering av sambeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	196	197	223
NSFR	134	140	146

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen per 30.09.2025 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskriving vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søkjer banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarande instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Note 2 – Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dager	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	4.516	1.825	0
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	0	0
Nedskrivingar i steg 3	-131	-63	0
Netto misleghaldne engasjement	**4.385**	**1.762**	**0**

Andre kredittforringa	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	13.125	1.794	5.449
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	2.983	3.134	3.135
Nedskrivingar i steg 3	-3.209	-2.395	-2.818
Netto andre kredittforringa engasjement	**12.899**	**2.533**	**5.766**

Note 3 – Fordeling utlån kundar

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

	3. kvartal 2025	3. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringar	18.370	14.788	14.709
Industri og bergverk	7.529	8.233	7.772
Kraftforsyning	1.897	2.025	1.994
Bygg og anleggsverksemd	42.085	53.277	46.069
Varehandel	9.210	12.783	11.931
Transport	1	1	1
Overnattings- og serveringsvirksemd	5.177	4.335	4.382
Informasjon og kommunikasjon	0	0	1
Omsetning og drift av fast eigedom	41.908	35.783	36.007
Tenesteytande virksemd	8.532	6.632	6.131
Sum næring	**134.709**	**137.857**	**128.997**
Personkundar	1.800.160	1.770.656	1.734.740
Brutto utlån	**1.934.869**	**1.908.513**	**1.863.737**
Steg 1 nedskrivingar	-809	-1.007	-803
Steg 2 nedskrivingar	-992	-2.022	-1.524
Steg 3 nedskrivingar	-3.340	-2.424	-2.816
Netto utlån til kundar	**1.929.729**	**1.903.060**	**1.858.594**
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	990.226	869.093	874.274
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	**2.919.955**	**2.772.153**	**2.732.868**

Note 4 – Nedskrivingar og tap

Bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordelinga mellom stega gjerast for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivingar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månadars forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring visar endring i tap eller engasjement som følgje av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	563	1.116	2.236	3.915
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	170	-170	0	0
Overføringar til steg 2	-30	68	-38	0
Overføringar til steg 3	0	-145	145	0
Netto endring	-379	170	462	253
Endringar som følge av nye eller auka utlån	128	72	8	208
Utlån som er frårekna i perioden	-66	-210	0	-276
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar personmarknaden pr. 30.09.2025	**385**	**902**	**2.812**	**4.099**

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2025	1.571.716	157.575	5.449	1.734.740
Overføringar mellom steg:				0
Overføringar til steg 1	26.938	-26.938	0	0
Overføringar til steg 2	-38.446	39.978	-1.532	0
Overføringar til steg 3	-30	-13.334	13.363	0
Netto endring	-51.250	-703	52	-51.901
Nye utlån utbetalt	572.512	13.282	309	586.104
Utlån som er frårekna i perioden	-416.985	-51.798	0	-468.783
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2025	**1.664.456**	**118.063**	**17.641**	**1.800.160**

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	240	408	580	1.228
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	291	-291	0	0
Overføringar til steg 2	-6	6	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-135	37	-53	-150
Endringar som følge av nye eller auka utlån	43	3	0	46
Utlån som er frårekna i perioden	-10	-73	0	-83
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivinger bedriftsmarknaden pr. 30.09.2025	**424**	**90**	**527**	**1.041**

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2025	101.106	24.798	3.093	128.997
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	12.308	-12.308	0	0
Overføringar til steg 2	-2.186	2.186	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-7.555	-81	-121	-7.757
Nye utlån utbetalt	33.103	334	0	33.437
Utlån som er frårekna i perioden	-10.869	-9.099	0	-19.968
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2025	**125.907**	**5.830**	**2.972**	**134.709**

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på unytta kredittar og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	51	140	2	193
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	88	-88	0	0
Overføringar til steg 2	0	0	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-96	-6	-1	-103
Endringar som følge av nye eller auka unytta kredittar og garantiar	12	0	0	12
Nedskrivingar på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-2	-36	0	-38
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Nedskrivingar pr. 30.09.2025	**53**	**10**	**1**	**64**

30.09.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kredittar og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2025	60.733	5.308	42	66.083
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	2.992	-2.992	0	0
Overføringar til steg 2	-689	689	0	0
Overføringar til steg 3	-1	0	1	0
Netto endring	1.175	-635	-32	507
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	19.631	0	0	19.631
Engasjement som er frårekna i perioden	-4.242	-892	0	-5.134
Brutto engasjement pr. 30.09.2025	**79.600**	**1.477**	**11**	**81.088**

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	**30.09.2025**	**30.09.2024**
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	2.816	3.082
Økte individuelle nedskrivninger i perioden		
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	621	21
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-97	
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet		-349
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	**3.340**	**2.754**

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	**30.09.2025**	**30.09.2024**	**31.12.2024**
Endring i perioden i steg 3 på utlån	674	460	-272
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-1	31	88
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-656	664	70
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivingar i steg 3		-349	661
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivingar i steg 3			
Periodens inngang på tidlegare periodars nedskrivingar	-130	-162	-364
Tapskostnader i perioden	**-113**	**644**	**183**

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Note 6 - Verdipapir

30.09.2025 Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	*NIVÅ 1*	*NIVÅ 2*	*NIVÅ 3*	Sum Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet	-	236.245		236.245
Aksjar og andeler til verkeleg verdi over resultatet	-	80.005	-	80.005
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar	-	-	106.049	106.049
Sum	**-**	**316.250**	**106.049**	**422.300**

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	95.381	-
Realisert gevinst/tap	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	3.763	-
Investering	6.905	-
Sal	-	-
Utgåande balanse	**106.049**	**-**

Verkeleg verdimålingar og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå angir nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknadar.

I nivå 2 er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, og teke omsyn til bankens eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi **30.09.2025**	**30.09.2024**	**31.12.2024**	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013005298	01.09.2023	01.09.2026	50.000	50.193	50.174	50.187	3m Nibor + 120 bp
NO0013333476	11.09.2024	11.03.2027	35.000	35.081	35.083	35.089	3m Nibor + 66 bp
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				**85.274**	**85.257**	**85.276**	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.09.2025
Obligasjonsgjeld	85.276			-3	85.274
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	**85.276**	**0**	**0**	**-3**	**85.274**
Ansvarlege lån	0				0
Sum ansvarleg lån	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Note 8 – Kapitaldekning

CRR3 vart innført i Noreg frå 1. april. Endringane i regelverket for standardmetoden inneber meir risikosensitive risikovekter enn i CRR2, særleg for lån med pant i eigedom, der belåningsgrad og verdsetjingsprinsipp får større tyding. Dette påverkar utrekna kapitalkrav og kapitaldekning. Følgjande endringar har mest vesentleg effekt på kapitaldekningsutrekninga:

Pant i bustadeigedom: Engasjement med belåningsgrad under 55 % får ei risikovekt på 20 %. Delen av engasjementet over 55 % belåningsgrad får ei risikovekt på 100 %. Dette prinsippet vert kalla «lånesplitt-metoden». Fram til 1. april i år hadde delen av engasjement med pant i bustadeigedom under 80 % belåningsgrad ein risikovekt på 35 %.

Pant i næringseigedom: CRR2 med nasjonale reglar for Noreg gav inga reduksjon i risikovekt for tryggleik i næringseigedom, det vil seie at desse engasjementa hadde ei risikovekt på 100 %. CRR3 innfører redusert risikovekt for tryggleik i næringseigedom etter følgjande reglar (prinsippet kalla «heile lånet-metoden»):

- Belåningsgrad under 60 % gir risikovekt på 70 % for heile lånet.
- Belåningsgrad mellom 60 % og 80 % gir risikovekt på 90 % for heile lånet.
- Belåningsgrad over 80 % gir ein risikovekt på 110 % for heile lånet.

I den nye standardmetoden er det eigne og høgare risikovekter for lån med tryggleik i inntektsgjevande næringseigedom. Desse vektene gjeld i Noreg for alle lån sikra med pant i næringseigedom, uavhengig av om eigedommen faktisk er inntektsgjevande.

Det er òg innført strengare krav til verdsetjing av eigedomar, der gjennomsnittsverdiar over 6–8 år skal nyttast, med visse unntak.

Eigenkapitalposisjonar: Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med føremål om vidare sal, samt investeringar i venturekapitalselskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekt fram mot 31.12.2030. I perioden 30.06–31.12.2025 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar på 100 %.

Subordinert gjeld: Investeringar i subordinert gjeld (ansvarleg lånekapital og anna etterstilt gjeld som TLAC og MREL) får ein risikovekt på 150 % mot 100 % i CRR2.

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon

Kapitaldekning

Morbank	3. kvartal 30.09.2025	3. kvartal 30.09.2024	Året 31.12.2024
Sparebankens fond	292.730	267.966	292.730
Gåvefond	4.683	4.298	6.298
Fond for urealiserte gevinstar	27.716	30.470	27.716
Sum eigenkapital	**325.129**	**302.734**	**326.745**
Utbytte	0	0	-850
Frådag for forsvarleg verdsetting	-422	-346	-347
Frådag i rein kjernekapital	-6.353	-72.197	-5.068
Rein kjernekapital	**318.353**	**230.191**	**320.480**
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	**318.353**	**230.191**	**320.480**
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	**0**	**0**	**0**
Netto ansvarleg kapital	**318.353**	**230.191**	**320.480**

	30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Eksponeringskategori (vektet verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	11.507	11.480	11.472
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	25.750	5.769	6.161
Føretak	21.561	12.048	13.228
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	835.183	773.323	763.246
- Herav pantsikkerheit i boligeigedom (CRR3)	782.882		
- Herav pantsikkerheit i næringseigedom (CRR3)	52.302		
Forfalte engasjementer	18.117	4.913	6.584
Høgrisiko engasjement	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med førertrinnsrett	18.886	16.551	17.097
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	7.782	7.371	17.784
Andelar verdipapirfond	16.533	8.792	8.432
Eigenkapitalposisjoner	104.421	30.259	94.514
Øvrige engasjement	42.339	38.882	36.282
Subordinert gjeld	0	0	0
CVA-tillegg	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	**1.102.079**	**909.388**	**974.799**
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	93.864	102.161	119.739
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	**1.195.943**	**1.011.549**	**1.094.538**
Kapitaldekning i %	**26,62 %**	**22,76 %**	**29,28 %**
Kjernekapitaldekning	**26,62 %**	**22,76 %**	**29,28 %**
Rein kjernekapitaldekning i %	**26,62 %**	**22,76 %**	**29,28 %**
Uvekta kjernekapitalandel i %	**12,17 %**	**9,57 %**	**12,90 %**

Konsolidering av samarbeidande grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.
Banken har ein eigarandel på 0,5 % i Eika Gruppen AS og på 0,83 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.09.2025	30.09.2024	31.12.2024
Ren kjernekapital	**317.320**	**293.107**	**319.512**
Kjernekapital	**322.610**	**298.197**	**324.602**
Ansvarlig kapital	**329.735**	**305.051**	**331.457**
Beregningsgrunnlag	**1.441.483**	**1.360.281**	**1.368.860**
Kapitaldekning i %	**22,87 %**	**22,43 %**	**24,21 %**
Kjernekapitaldekning	**22,38 %**	**21,92 %**	**23,71 %**
Ren kjernekapitaldekning i %	**22,01 %**	**21,55 %**	**23,34 %**
Uvektet kjernekapitalandel i %	**9,02 %**	**8,76 %**	**9,60 %**

Signert elektronisk i styreplan.no, sjå vedlegg i denne PDFen for dokumentasjon